


Finansdepartementet  
Boks 8008 Dep.  
0030 OSLO



Vår ref.: 0218/03-120-jon

Deres ref.:

Dato: 22.08.03

## Skisse til nasjonal handlingsplan for berekraftig utvikling - Nasjonal Agenda 21 - DNTs høringssvar

Vi viser til ovannemnte sak, som vi ikkje har fått på høring, men tilfeldigvis vart gjort kjent med og henta ned frå departementets nettsider. Sidan dokumentet også vart sendt ut rett før sommarferien med høringsfrist midt i august, bad vi om forlenga frist. Saksansvarlig Knut Thonstad gav oss frist tom. 21.08. Vi er lei for at vi gikk ein dag over fristen, men håper at også DNTs merknader blir vurdert på linje med andre innspel.

### Generelt om utkastet til handlingsplan

DNT viser til FRIFOs høringssvar, som vi står bak og gir vår fulle støtte til. Vi vil særleg peke på at både friluftsliv og arealdisponering er nærmast fråverande i regjeringas handlingsplan. Dette må rettast opp før sluttdokumentet er klart.

Friluftsliv er ein svært viktig del av vår natur- og kulturarv, gir auka livskvalitet, naturoppleving, fred, ro og rekreasjon for svært mange menneske. Handlingsplanen må derfor ha konkrete mål når det gjeld å sikre allemannsretten, gi folk betre tilgang til utmark (bl.a. strandsona), ta vare på by- og tettstadnære natur- og friluftsområde samt vidareføre eit ikkje-motorisert friluftsliv utan rekreasjonskjøring i utmark.

Dei siste tiåra har arealpresset vore aukande, og stadig meir av våre friluftsliv- og naturområde blir bygd ned. Denne utviklinga er det viktig å reversere, jfr. at vi nå har mindre enn 5% villmark i Sør-Norge (dvs. areal  $\geq$  5 km frå tyngre tekniske inngrep). Det er særleg viktig å hindre ytterligere nedbygging av strandsona både langs kysten og ved vassdrag/innsjøar, by- og tettstadnære område, areal med stort biologisk mangfald og øvre del av fjellskogen/snaufjellet. Regjeringa må derfor utforme ein klar arealpolitikk for å stoppe nedbygginga av slike område.

DNT er også overraska over at Grønn skattekommissjon (NOU 1996: 9 *Grønne skatter – en politikk for bedre miljø og høy sysselsetting*) ikkje er ein premiss i handlingsplanen. Dette dokumentet hadde mange gode forslag til redusert produksjon og forbruk av forureinande og miljøskadelige produkt, og fortener absolutt konkret oppfølging i denne handlingsplanen. Det er ingen tvil om at pris er ein viktig mekanisme for å snu utviklinga i miljøvennlig retning.

### **Merknader til handlingsplanens forslag**

Det er positivt at planen legg vekt på ansvarsfordeling og oppfølgingsmekanismer, og blir integrert i busjettprosessen, der alle viktiga vedtak blir fatta. Planen er likevel på langt nær konkret nok, og blir derfor vanskelig å følgje opp i praksis fordi måla er for upresise. Dette må strammast opp før sluttdokumentet blir ferdig.

#### 1.5.3 Biologisk mangfold og kulturminner

I omtalen av verneplan for barskog må det vere eit konkret mål å kome opp i 5% vern av den produktive barskogen, i tråd med NINAs og Skogforsks klare anbefalingar. Vi ligg langt etter dei andre nordiske landa når det gjeld skogvern, og meir vern vil bidra til å sikre det biologiske mangfaldet.

Også sikring av nasjonale laksevassdrag og -fjordar er for svakt formulert. Her bør målet vere å verne alle vassdrag og fjordar som Rieber-Mohnutvalet tilrådde, og som det var full semje om i Villaksutvalet.

#### 1.5.4 Naturressursar

Det er heilt nødvendig å redusere vårt energiforbruk, både med tanke på kommande generasjonar og av omsyn til fossile utslepp, våre siste urørte vassdrag og våre verdi-fulle landskap. Regjeringa er derfor altfor lite ambisiøs når målet er å avgrense energiforbruket meir enn om utviklinga vart overlatt til seg sjølv. DNT støtter overgang frå fossile brensel til ny, fornybar energi samt meir effektiv energibruk. I tillegg er auka pris nødvendig for å få ned forbruket. Elavgiften bør derfor aukast. Dette vil også gjere fornybar energi (vind, bio) meir konkurransedyktig. Vi sakner også ei konkretisering av kor stor produksjonen av bioenergi skal vere, og foreslår totalt 10 TWh innan 2010.


DNT er ikkje samd i å auke omfanget av minikraftverk, spesielt ikkje i verna vassdrag. Mange minikraftverk i fossar og stryk (der det er mest energi å hente) med stor opplevingsverdi vil kraftig forringe dei verdiane som låg til grunn for vernet. Regjeringa bør derfor legge til grunn ein svært restriktiv praksis når det gjeld minikraftverk i verna vassdrag. Småkraftverk i verna vassdrag ser vi som heilt uaktuelt. Da vil heile verneplanen og vernetankegangen smuldre opp.

DNT er skeptisk til at regjeringa berre legg vekt på Miljøregistrering i skog (MIS) for å styrke miljøinnsatsen i skogbruket. MIS har store manglar når det gjeld å registrere artar og økosystem, og det finst betre metodar, f.eks. dei utvikla av Siste Sjanse. Regjeringa må derfor ikkje utelukke bruk av andre metodar enn MIS.

### **Avslutning**

Frivillige organisasjonar har i liten grad blitt tatt med i arbeidet med å utvikle handlingsplanen. Det er DNTs håp at dette kan rettast opp i arbeidets slutfase, og at dei merknader organisasjonane har, blir vurdert grundig og kan påverke sluttresultatet i miljøvennlig retning, og slik at planen blir meir konkret og lettare å etterprøve.

Med vennlig helsing

  
Jan Olav Nybo  
fagsjef naturforvaltning